



Leirdalen Barnehage Sa
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1335 - 17/21893

Saksbehandlar:

Mette Marei Træland

mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:

01.11.2017

Rapport frå tilsyn i Leirdalen barnehage

Det er barnehage/barnehageeigar som er målgruppa for tilsynsrapporten. Rapporten skal beskriva tema for tilsyn, formidla dei rettslege krava, kva vi har undersøkt, våre vurderingar og kva vi har konkludert.

1. Formålet med tilsyn/rettslege krav

Det er gjennomført tilsyn med Leirdalen barnehage der tema har vore:

- **Lov om barnehagar § 1 Formål, 1.ledd første punktum.** «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».
- **Forskrift om Rammeplan for barnehagen innhold og oppgaver, Del 2: «2.1.»**

Samstundes skal ein sjå til at barnehagen har ei drift i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter. Meland kommune har fått tilsendt fylgjande dokumentasjon:

- Årsplan 2016/17
- Verksemdplan
- Fagområdeplan
- Handlingsplan for å sikra eit godt psykososialt miljø for barna
- Intern rutine for sove og kvilestund
- Brukarundersøking- resultat

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Sikring av omsorg av små barn.
- Stelleinstruks

§ 16. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med virksomheter etter denne lov.

Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlige eller ulovlige forhold ved godkjente eller godkjenningsspliktige virksomheter. Hvis fristen for å etterkomme pålegget ikke overholdes, eller hvis forholdet ikke lar seg rette, kan kommunen vedta tidsbegrenset eller varig stenging av virksomheten. Kommunens stengingsvedtak skal sendes fylkesmannen til orientering.

I stedet for eller i tillegg til stenging av virksomheten, kan kommunen bruke økonomiske reaksjoner overfor ikke-kommunale barnehager dersom krav etter § 14 a, eller forskrift i medhold av samme bestemmelse, ikke er overholdt.

Vedtak om retting og stenging og vedtak om anvendelse av økonomiske reaksjonsmidler kan påklages til fylkesmannen.

Tilsynet skal sikre at Leirdalen barnehage følger opp Lov om barnehagar sine krav. Lov om barnehager med forskrifter formidler samfunnet sine krav og forventningar til verdigrunnlag, rammevilkår, arbeidsmåtar og innhald i barnehagen. Ved tilsyn sikrar ein at Meland kommune som barnehagemynde får innsyn i kva som skjer i barnehagen. Gjennom denne kontrollen skal ein avdekke eventuell lovstridig praksis. Pålegg om endring skal føra til endring av praksis.

Rapporten omhandlar kun resultat frå tilsyn som er gjennomført og gjeld kun paragrafen som tilsynet omfattar.

2. Gjennomføring av tilsyn:

Tilsynet er gjennomført ved å hente inn informasjon, vurdere dokumentasjon, og gjennom intervju med personar i ansvarskjeden.

Personar som var direkte involvert i tilsynet frå Leirdalen barnehage :

Navn	Stilling	Intervjudato	Oppsummering
Beate Jacobsen	Dagleg leiar/styrar	9.6.17	Gjennomført
Ane	Pedagogisk leiar	9.6.17	Gjennomført

Mona Erstad Brakstad	Fagarbeidar/assistent	9.6.17	Gjennomført
Marianne Bjerke	Foreldrerepresentant	9.6.17	Gjennomført

- Melding om tilsyn vart sendt barnehagen med krav om innsending av dokumentasjon dato 23.05.17.
- Mottak av dokumentasjon dato 30.05.2017.
- Gjennomføring av tilsynet 9.6.2017.

3. Våre vurderingar

Tilsynsnemnda meiner Leirdalen barnehage legg til rette for - og har gode rutinar for - «i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».

- Foreldresamtalar to gonger årleg – dagleg kontakt og gode rutinar for innhald i møter m.m.
- Foreldremøter/SU-vert valt på årsmøte.
- Foreldreundersøkinga- dokumenterer høg svarprosent og høg score på nøgde foreldre.
- Barnehagen sin innsendte dokumentasjon er tydeleg på fleire områder - og dokumenterer at det pedagogiske arbeidet har si forankring og mandat i Rammeplan og Lov om bhg. §§ 1 og 2.
- Kollegaveiledning - sterkt fokus på vaksenrolla – dei varme og tydelege vaksne.
- «Barnets beste» ligg til grunn for det pedagogiske innhaldet.
- Gode rutinar for mottak av barn i barnehagen – barn får vera med og medverke og det er fokus og arbeid for å skapa relasjonar mellom barn og vaksne.
- Tilbakemelding frå forelder samsvarar med innhald, tilbakemelding frå personale.
- Barnehagen har gode rutinar og samanfallande informasjon mellom dei ulike informantane, og dette henger saman med plandokumenta.
- Informasjonen viser at barnehagen har eit fellles syn på kva omsorg i barnehagen er. Omsorg - dokumentasjonen vert bekrefta med fortellingar frå informantane.

4. Konklusjon

Leirdalen barnehage har ei drift i samsvar med Lov om barnehager med forskrifter.

4. Lovbrot

Tilsynsnemnda har ikkje avdekka lovbrot etter Lov om barnehager i tilsynet.

Mette Marei Træland

Sylvi Ann Hanstvedt

Medlem av tilsynsnemnda

Leiar for tilsynsnemnda

Med helsing

(skriv namn)
(skriv tittel)

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Leirdalen Barnehage Sa

5917

ROSSLAND